

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2015

Krigseglaren

Side 6

Rekneskaps- laget 50 år

Side 10-11

Brigt Skrettingland

Side 12

Fotoklubb

Side 16-17

Ungdoms- klubben

Side 31



Det vårast!

Adelen på Jæren

- Du trong ikkje ringt på. Me er vane med at folk kjem rett inn. Huff, han kjem vist frå sydaust i dag!

I samband med arbeidet mitt får eg sett plassar på Jæren som eg garantert aldri hadde fått opplevd elles. Om stadsansen er til dels sterkt manglande, finn eg oftast fram på gjengrodde stiar. Eg brøytrar meg fram på smal, gruslagd veg, fundamentert på stadbunden hentestein frå tunge opptak og grov grus frå lokale aur-årer.

Bilen slit seg opp bratte motbakkar på attgløymde stadar der ikkje ein gong Oddgeir Bruaset i Rikskringkastinga hadde kome på å fantasert om at det budde folk. Jæren er langt frå paddeflatt. Mi erfaring er at høgda over havet er sterkt varierende. Her er ferister, fanggrinder, brunemyrar, sitka-skogdottar og livsglade Border Collie hundar med bandtvang-amnesti som gir hals og jagar bilar.

Bonus i tillegg til storslagne visuelle opplevingar er at greinriper i lakken på motorfarkosten blir sausa inn og permanent rustbehandla med sauelort frå Brokete og Blæsete og andre biologisk tilpassa, fullkomne sauerasar med genar attende til

Erling Skjalgsson frå Sola og Brede seil over Nordsjø går. Viktigaste og største bonusen er å få møta folka som bur her. Sjølve adelen på Jæren.

- Ja, kom innføre. Nei, allre ta av deg skoa. Gå rett inn. Nei, ikkje ta av deg jakken i gangen, det er for kaldt i gangen. Ta jakken med deg inn i stova. Me har fyr, darr brenne i ogen kan du veda. Han kjem frå sydaust i dag.

Vannari bulkar i eksosanlegget og andre understellsproblem på bilen og meg sjølv så lenge eit møte med den jærsk adelen ved gardavegs ende er løn for turtalsfall og dryge svingingar i blod- og oljetrykket.

Gode jærskar, som for eksempel kjører elektriske bilar, drikk gulrotjuice i lunsjen og arbeidar som revisorar hjå Ernst & Young på Forus, og som har hytte i Lyngdal med kjøleskåp i børsta stål, bad i alle etasjar saman med fjernstyrt oppvarming, gastronomisk gasskomfyr og breidband frå NextGenTel, får aldri nubbessans til å koma ut og treffa adelen.

Når dei ikkje er bura inne hos Ernst & Young, er dei fanga i hyttefeltet i Lyngdal.

Einaste yrkesgruppa, som framleis kjenner desse avgøymte områda der delar av det gamle Jæren framleis er å finna, er teiepliktige folk frå E-verket som er ute på linjerydding.

- Nei, sjå der smatt katten

inn, han plar ikkje vera inne. Det er godt med dinnan gåstolen med hjul på. No kjem eg meg fram over alt. Ja det er dei hoftene, veit du. Og så knea då. Og eit lite drypp, men det er ingen ting å snakka om.

- Ja, ver så god, finn deg ein god stol. Set deg der ved vindauga, der er det best lys, du som skal skriva og alt. Bara hiv dei putene på golvet.

Det luktar friskt av såpe, kokekaffi og blandingsved. Adelen på Jæren spør ikkje om eg vil ha kaffi. Bordet er dekkja når eg kjem inn. Kvit duk. Påsmurte brødskiver under cellofanplast med persesylte og ein raudbetsnei. Vaffelkaker og plommesylt. Lappar og rømme. Vestlandslefse med kanel og sukker i smørkremen. Og restane av ei rund kremkake som var nybakt i går.

- Vil du ha kvitt i? Nei, det vil du vel ikkje du som er så ung.

Kona skjenkar svart kaffi i koppen med ei hand så kraftig og stø og raudleten som berre ei hand til ei kona frå adelen på Jæren kan vera.



- Eg er nå ikkje så ung, eg blir 53 i mars.

- Hå, hå, bara badne altså.

Høyrd du det Alfred, han er bara 53 år! Alfred!!! Alfred høyrer best om me snakkar høgt, ser du.

Det finst ikkje adelstradisjonar her til lands, det er blant årsakene til at skilnaden mellom folk er liten. Kontrastar mellom ekstrem





fattigdom og sanselaus luksus, har me heldigvis hatt lite av opp gjennom åra. Dei som var rike på Varhaug i min barndom, kørde Ford Granada og reiste til Mallorca. Det dreidde seg om maks seks personar. Me visste dei hadde god råd, men det synte ikkje særleg godt på dei.

- *Du må prøva vannbakkelsen.*

Alfred, send vannbakkelsen!

Du må sjå itte Alfred. Me he fremmanne i huset!

Nasjonen flyt for tida i olje. Nå har dei fleste fått til betydeleg meir enn til salt på grauten. Me har fått plastputer under armane og armane i helsereformerte bind. Så kan ein lura på kven som har mest – og kven som er mest takksame for det dei har. Eg er ikkje i tvil:

- *Forsyn deg, eg har meir skjeva på kjøkken. Nei, ta nå litt meir plommesylt, ikkje vær beskjeden.*

Nå skal eg skjenka i meir kaffi.

Vil du ha blåbærsaft?

- *Nei takk, nå er eg forsynt.*

- *Alfred, gå i kjellaren og finn blåbærsafta!*

Me har adel her på Jæren. Dei er representantar for den siste generasjonen som har hesja høy, tynna nepa, skore torv og spreidd lort med skitkjerre og øyk. Det er dei som kan fortelja når dei fekk elektrisk komfyr i huset og som kan greia detaljert ut om vaskemaskinen som kom på 50-talet, ei horisontalmontert tretønne med elektrisk motor med reimoverføring, produsert av Erlands Maskin på Bryne.

Adelen på Jæren kan fortelja om tyske soldatar som marsjerte triumferande forbi, på same grusvegen som eg kom køyrande på, medan dei song *Engellied* og *Die Wacht am Rhein*. Adelen kan formidla at dei brukte den første løna etter tre månaders sommarstrev på ein gard, til ein brukt sykkel.

- *Forsyn deg. Nå skal eg bara leggja litt meir i omnen. Me må ikkje sleppa det eldaudt. Han kjem frå sydaust i dag.*

Adelen på Jæren er ikkje gamle, men dei har levd ei god stund. Dei har blitt godt vaksne på ein diett utan brokkoli, salsa og Grandiosa. Eg kjenner meg privilegert som får lov til å koma på besøk i ein heim der trappa er skura med skurepulver og ein slitt spannakost og får stiga inn i ein gang med knirkande, slitne golvplankar under fine filleryer forbi telefonbordet og vidare inn i ei stova som aldri har vore behandla av ein interiørkonsulent med bachelorgrad i moderne estetikk og språkstudie på Bali. Adelen på Jæren har opplevd ei ekstrem forandring gjennom 7-9 tiår. Dei har gått heile vegen frå mjølkerampe til digitale plattformer, og har ikkje blitt det grann mindre jordnære og ekta av den grunn. Her er framleis broderte bibelvers på veggen som forkynner respekt for Vårherre. Her er polerte salongbord med Bondevennen, Jærbladet og For fattig og rik, saman med høve til verdsleg kontakt med resten

av verda gjennom i-pad og mobiltelefon.

I stova til adelen på Jæren fins fargesprakande sofamøblement med røyser av broderte puter og kvitlatepper. Her er gode skinnstolar og fin porselen med pussa sølvklype til sukkerbitane. Her heng slekta, frå oldeforeldre til oldeborn i glas og rame på veggen attmed eit antikk, tikkande veggur. Gløym all verdas katedralar og praktbygg. Ingenting slår eit adla og odla hus på Jæren. Her er det så godt å vera i omnsvarmen at det er lett å gløyma og drøyma seg vekk.

- *Kæ, vil du gå alt. Du måtte vore lenger, så kunne du fått mellemat. Me kunne varma opp middagsrestar. Likar du klimpesuppe?*

- *Nei, eg må koma meg heimover før det blir mørkt. Det er ikkje så lett å finna vegen for ein som bur på Stasjonen.*

Adelen på Jæren følgjer alltid gjestene heilt ut på trappa.


- *Ja, ja du får ha takk for i dag. Kom snart att. Ikkje sant Alfred, han må koma snart att?*

- *Katten, Alfred! Du må ikkje sleppa inn katten! An høyre te i udhuse den katten!*

- *Na na. Me får potla okke inn, han kjem frå sydaust i dag.*

Sjur Håland

Får me til ein foto klubb på Varhaug?



FOTOKLUBB PÅ VARHAUG ?

Er du mellom 15 og 70 år og er interessert i fotografering og savner et miljø hvor du kan

- Utveksle kunnskap og ideer
- Delta på målrettede fototurer
 - Få bildekritikk
- Delta på kurs i fototeknikk og bildebehandling

Da er det viktig at du kommer på vårt informasjonsmøte i

Lensmannsløa, mandag 23. mars kl. 19.00

Dersom det blir tilstrekkelig interesse blir dette startskuddet for klubben og det vil bli møte 1. mandag i hver mnd

Grip muligheten og kom!

Er du forhindret i å møte så ring/sms til:
Ingvald Aase tlf 918 60 501
Asle Haukland tlf. 452 80 838

Dette spurde Ingvald Aase og Asle Haukland seg sjølv ein gong i november i fjor. Dei er begge interessert i fotografering, og Asle hadde og i si tid vore innom fotoklubben på Bryne, og visste koss dei hadde det. Etter litt drøs og tenking, fekk dei kontakt med 17 år gamle Karen Ueland, som går første året på Media på Vågen vidaregåande. Reknar med at dei fleste på Varhaug kjenner både Ingvald og Asle, og viss eg seier at Karen er barnebarnet til Oddny og Torfinn, så har me fått plassert henne og.

Desse tre har danna eit interimstyre, dei er optimistar og håpar å få fleire med seg etter informasjonsmøtet 23. mars.

Er du interessert i fotografering og elles andre ting som høyrer til her, så kjenn di besøkstid og kom i Lensmannsløa måndag 23. mars.

Får dei gang på ein fotoklubb, har dei planar om både fotokurs og faste klubbkveldar i Løå. På desse kveldane kan ein kanskje visa eigne bilete for ros og ris, få læra av andre fotointeresserte og ikkje minst ha det gildt saman .

Når ein ser den store interessa det har vore i Jærbladet og på nettet med bilete den siste tida, viser det at mange er interessert i fotografering. Vår eigen Brit Obrestad vart nyleg vinnar av månadens bilete i Jærbladet.

ETTERLYSNING!

Som dei fleste har fått med seg vert det kommuneval til hausten. Samstundes vert det óg halde val på nytt sokneråd. Og kan hende er det nokre som har lyst til å stå på liste til det valet men som me ikkje veit om. Kyrkja på Odland står sterkt i folks omdøme. Og me som skal setja opp liste til valet ynskjer innspel på kandidatar. Har du lyst, eller kjenner nokon som kan ha syn på å vere med i det lokale kyrkjestyret så tar vi gjerne imot tips og spør. Men ver kjapp,- vi vil prøve å få lista klar til 18. mars! Lista skal ha mellom 13 og 22 namn – no har me passert 13.

Send gjerne sms til Solfrid Vagle (95864633) eller Per-Arvid Jakobsen (92617652)

Gild konsert med Vind i Gardhol.

Så var det første "Kultur i løå" arrangement i 2015 over, og det med sangarar og musikarar i Vind i Gardhol i kjempeform. Denne gruppa har eg høyrte mange gonger før, og er sikkert vel kjent for dei fleste av dei over 100 fram-møtte, men eg trur aldri eg har høyrte dei betre. Her fekk me tekstar både av Tobias Skretting og Torvald Thu, og fleire flotte instrumental nummer med lokale namn. Men det er vel "Putla" ein først tenker på med Vind i Gardhol, og den fekk me 2 gonger; som ekstranummer etter stor slutt-applaus. Konser-ten vart fint bunde saman av gamle, men likevel aktuelle i dag, visdomsord frå Arne Garborg.

Takk til Vennelaget for Lensmannsgarden for nok eit gildt arrangement, og Løeståva har igjen vist seg som ein koseleg konsertsal. Eg har alt begynt å gleda meg til februar-konserten og Elin Furubotn.

Liv

Elin Furubotn Konsert.

Torsdag 19/2 arrangerte Kultur i Løå konsert med Elin Furubotn.

Bare Okke var oppvarmingsband for Elin Furubotn. Bare Okke er ei gruppe bestående av Gøran Håland, Terje Haver og Monica C. Herredsvella. De spiller til vanlig coverlåter og egne sanger på Jærsk, men på denne konserten satte de liv i publikum med sine egne tekster på jærsk. Det gikk blant annet i irriterende mannfolk og hvor god knekk det er i et knekkebrød.

Elin Furubotn bor i Stavanger. Hun var med i Melodi Grand Prix i 1994 og ga ut sitt sjette album; "Å nærme seg det nære" med 17 musikere fra Stavanger Symfoniorkester. En av sangene "Så lett det kan ver", er en duett hun synger sammen med Morten Abel, og sangen ble A-listet på P1 i sommer.

Elin skriver egne tekster og melodier. Det er historier bak sangene hennes og tekstene handler for det meste om det «kvardagslige».

Elin fremførte flotte låter med sang og gitarspill og det var ekstra bonus at hun fortalte bakgrunnen til tekstene.

60 personer deltok.

Kultur i Løå, Vennelaget for Lensmannsgarden.



Frå redaksjonen

Så er me komne til 1. mars, og ein kunne vel begynt å tenka på vårvin-na. Men slik det har regna den siste tida, må det koma mykje god ver før me kan ha slike planar Til og med i hagen er det i blautaste laget. Men me må kanskje vera glad for at det som har kome frå himmelen ikkje har vore kvitt. Mildt ver har og gjort det enklare på mange byggeplassar, slik og på Iden, der dei er i gang med den nye hallen.

I dag var eg på Lerbrekk og hadde sundagskaffien kombinert med maleriutstilling. Det er Tore Line frå Nærbø, nå busett på Ålgård, som stilte ut mange flotte bilete både frå Spania og her heime. Utstillinga er og ope helga 7. og 8. mars. Elles så er februar og mars årsmøtetid, og er ein medlem i mange lag er det ikkje til å unngå at det vert litt kollisjon med møtedagane.

Sjølv om me skal markera at Varhaugbuen, i den forma den er i dag, vert 10 år, så starta bygdeomdomslaget opp me denne tidleg på 70-talet. Ein del av desse gamle blada har Per Arvid skanna og lagt ut på nettet. Me skal og prøva å få tak i fleire. Er det einkvan som har liggande veldig gamle nummer frå BU si tid, så er me i styret takksame for å få låna desse til skanning.

Det skal verta gildt med kulturkveld i Lensmannsløa 17. mai, sjå meir om dette annan stad i bladet. Elles er det mykje som skal skje i samband med Varhaugmarken, komiteen jobbar på spreng.

Som vanleg i første nummeret av bladet, legg me ved ein giro for frivillig kontingent. Les godt det som er skrive her.

Sidan dette er siste nummeret før påske, vil eg ynskja alle ein god påske og ein fin, ikkje alt for blaut vår.

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.

Glimt frå Madagaskar-tur

I november 2014 var eg med på ei reis som Jordbruksskulens venner (JV) arrangerte med Arne Dragsund og Brit Sissel

Dragsund Fagerjord som reiseleiarar. Sidan det er mange venner av Tombontsoa jordbruksskule på Varhaug, vil eg gi nokre glimt frå reisa vår. I eit reisefylgje på 20, var me 6 frå Hå kommune. Og me fekk sjå gassisk jordbruk på nært hald.

Det første møte med gassisk jordbruk var på dyretorget i Antsirabe. Her fekk me sjå skikkelege eksemplar av den gassiske kurasen Zebu med puklar på ryggen. Og me fekk sjå NRF dyr. Det som Arne Dragsund sa var den største opplevinga, var at me fekk sjå når dei undersøkte griser for trikin. Om grisen hadde trikin kunne den ikkje seljast. Sjølve undersøkinga var å legge grisen ned på marka, stikke ein kjepp i kjeften på den, og så dra ut tunga for å kjenne om den var fri for klumpar. Med kraftig hyling kunne ein ikkje unngå opplevinga. Denne grisen var fri, og då vart det klypt ein P i busta på den, og den kunne seljast.

Så var turen komen til Tombontsoa jordbruksskule. Denne jordbruksskulen starta opp i 1965, og har såleis 50 års jubileum dette året. Her fekk me møte rektor Dr. Rasoloson

Lala og ein administrasjonsleiar. Lala fortel at dei har dei eit 3 årig høgskuletilbod i husdyr, jordbruk, økonomi og ressursforvaltning som har i alt 158 studentar. Desse studentane brukar PC' ar som er betalt av Ungdomslaget på Varhaug. Det ordinære eittårige kurset har 115 elevar. Me fekk sjå heile anlegget, både inne og ute. Det er viktig at komande bønder får opplæring i korleis dei skal få opp produksjonen både på dyr og jord. Men det er ikkje alltid like lett å gjennomføre når dei kjem heim. Den eldre generasjonen meiner at det er godt som det er.

Me fekk sjå fjøset med den nye mjølkestallen med nytt mjølkeanlegg som ein dugnadsgjeng på 6 frå Varhaug, med Ole Moi i spissen, nyleg hadde montert. Dette mjølkeanlegget er gitt av ein bonde på Varhaug som har gått over til robot i sitt fjøs. Dei har mjølketank, men mjølka blir ikkje levert til meieri. Den vert silt og tappa i ein liter eller to liter plastposar, og seld direkte til butikkar i Antsirabe. Skulen har eit pasteuriseringsanlegg, men det brukar dei ikkje lenger av den grunn at gassarane kokar mjølka uan-



Undersøking av trikin på gris



Zebu okse frå dyretorget



Studentar på Tombontsoa



To lærarar, rektor på Tombontsoa saman med reiseleiarane



Frå fjøset på Tombontsoa

sett om den er pasteurisert eller ikkje. Det som kanskje er den største bøygen i mjølkeproduksjonen på skulen, er å få opp produksjonen på kyrne, få bukt med mastitt, og få betring på kalvingsintervallet for dei ca. 70 - 80 NRF kyrne. Dei håpa at det skulle betre seg nå med nytt mjølkeanlegg som nå er i full drift. Det arbeidet og støtta som Jordbruksskulens Venner bidreg med har vore heilt naudsynt for i det heile å halde skulen i gang.

I tillegg til mjølkeproduksjonen har dei òg 30 purker. Smågrisene vert selde til bøndene rundt om. Kraftfôret produserer dei sjølv – ei blanding av maniok, mais og fisk. Mølla er frå Bjølsen Møllefabrikk. I 2012 vart det sendt ned ein 4 skjærs Kverneland plog. Det spesielle med denne ploget er at stålskjæra er bytt ut med plastskjær for å hindre at den raude latertittjorda skal klistra seg til skjæra. Dette verkar godt.

På Tombontsoa driv dei og ein gard i gassisk målestokk der elevane får opplæring i handmjølking og bruk av ok-sar som trekkdyr.

Me besøkte og Fifamanor, eit prosjekt som kom i gang med pengar frå NO-RAD i 1973. Her var me først innom ein forskingsstasjon som forskar og foredlar potetsortar, kveitesortar, ei kryssing mellom kveite og rug, og grasortar. Dei har utvikla rundt 20 nye potetsortar for Madagaskar. Her møtte me direktør Vololoniaina

Ramalanjaona, ei svært dyktig dame. Det var interessant å høyre korleis dei forska fram nye potetsortar ved hjelp av kloning. Vi besøkte Armor, ein stor gard for mjølkeproduksjon med rundt 120 mjølkekyr av NRF. Kvigene ala dei opp til produksjonen, og oksekalfane vart selde til bønder rundt om i fylket.

Det er ein jordbruksskule til på Madagaskar, Fihanonana. Den er mykje mindre enn Tombontsoa. Her fekk me innføring i dyrking av maniok etter ein ny metode som ein ved skulen har utvikla. Normal avling er mellom 1,5 – 3 kg for ein plante. Etter den nye metoden, basket compost, kunne dei få opp til 45 kg avling på ei plante. Med denne metoden dyrka dei i groper med kompostjord. Litt av ein forskjell.

Madagaskar er eit svært fattig land med stor arbeidsløyse. Men det har eit unikt plante- og dyreliv med artar som berre fins på denne øya. Her kunne eg fortalt mykje meir om opplevingane, men det får vere for denne gong. Det er vel verdt å ta ein tur der du vil få opplevingar på både godt og vondt. Det som var vondt å sjå, var all nauda og fattigdomen. Men etter ein slik tur set ein endå meir pris på kor godt me har det her heime.

Brit Obrestad



Mjølkegrava med det nye mjølkeanlegget



Frå mjølkinga på Armor



Maniok dyrka basket compost



Elevar på jordbruksskulen Fihanonana

Krigsseileren Ole Reiestad 1910-1940

På minnesteinen over falne under 2. verdenskrigen ved Varhaug kirke, kan en se navnet Ole Reiestad. Likedan kan en se navnet hans på minneplater i Obrestad havn, på Akershus festning og Sjømennesenes Minnehall i Stavern.



Det er nok mange som ikke vet noe særlig om denne mannen, og hvorfor han har fått disse minnene. Derfor er det nå på sin plass å fortelle litt om hvem han var, selv om det er gått 75 år siden han døde.

Ole var eldst i en søskenflokk på 9. Tre søsken døde som barn. Foreldre var Ingeborg Berte og Anton. Familien bodde i et lite hus på Reiestad under veldig små kår; livnærte seg av 2-3 kyr og en hest. Moren gikk i arbeid fra gård til gård for å spe på økonomien. Hun var et arbeidsmenneske av de sjeldne.

Av de 6 søsken som vokste opp, bosette alle seg i nabolaget. En jente ble gift med Theodor Stokkeland, en annen med Rasmus Husveg. Broren Amund bygde hus like ved barndomshjemmet, og ble gift med Valgjerd fra Klepp. De

tre andre brødrene, Ole, Arne og Lars giftet seg aldri, og bodde hjemme. Etter krigen bygde Arne og Lars seg nytt hus på eiendommen. Best huskes vel Lars på folkemunne; «Lars fisker». I tillegg til fisket, var han løsarbeider. En unik arbeidsmann, gavmild og folkekjær kar, som aldri sa et vondt ord om andre. Alle er borte nå.

De som vokste opp på den tiden, måtte tidlig ut i arbeidslivet. Rett etter konfirmasjonen, reiste Ole til sjøs og fikk arbeid i maskinen på et dampskip. Et tungt og skittent arbeid, som i hovedsak bestod i å lempe kull på maskinen. Etter et par år som maskingutt, ble Ole syk og måtte mønstre av. Det ble konstatert tæring (tuberkulose).

Ole reiste til Hagevik utenfor Bergen, hvor det var et sykehus for tuberkulose, og her ble han værende i flere år. Ole ble frisk igjen, og hadde i tillegg blitt en kristen. Da han kom hjem igjen, startet han å fiske sammen med svogeren sin, Theodor. Etter hvert kjøpte han seg egen båt med pengehjelp av Rasmus Reiestad. Det fortelles at Ole var en blid, folkelig og arbeidsom kar, men det det var et handikap i livet hans; han stammet veldig, og noen opplevde det vanskelig å føre en samtale med han. På den tiden var det ingen behandling for folk som led av dette.

På Hagevik Sykehus hadde Ole møtt en nordlending, Alfred Kvitvær, som og hadde tæring. Han var utdannet skipper, ble også frisk og reiste hjem.

Da krigen startet, begynte de å brevveksle. Grunnen var kanskje at Alfred hadde to brødre som både hadde bodd seg på Nærbø og etablert seg med familie der. Det endte med at Alfred og kom til Jæren, og han og Ole kjøpte seg båt sammen; «Pluggen» som ble fortøyd i Obrestad.

En søndagskveld sommeren 1940 tok Ole en runde til nabogårdene for å si farvel. Ingen forstod noe, og Ole sa ingenting om det som var nær forestående. Et par dager senere fikk folk vite at Ole og Alfred hadde reist fra Obrestad med «Pluggen» på vei til Scotland. Disse to var de første jærbuene som kom seg over til Storbritannia etter okkupasjonen.

I Scotland mønstret de på hver sin bår. Ole fikk hyre på damptankeren «Davanger»; en Westfall Larsen båt. Båten dro til Caribien, lastet opp 10.000 tonn drivstoff. I Halifax møtte «Davanger» fem andre skip, og sammen skulle de gå i konvoi til England. To norske skip var i denne konvoien, Ole sitt og søsterskipet «Brandanger». Konvoinavnet var HX-77.

Like over midnatt, natt til 12. oktober 1940, befant konvoien seg i et veldig uvær 300 miles vest av Irland. Verre var det at de denne natten ble møtt av en tysk ubåt av typen U-48. Alle seks skipene ble torpedert og sank. Om bord på Oles skip, var det 29 nordmenn og en engelsk skytter, som var plassert om bord. «Davanger» ble truffet av en torpedo like ved maskinen,



Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhalds-lag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkellubb.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Styremedlem

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

Styremedlem

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

Varamedlem

Halldis Lie Byberg, skulekorps

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymleklednad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*

og sank i løpet av 4 minuttar. Fire av mannskapet kom seg i livbåt, og fikk plukket opp 8 andre som fløt i sjøen. Etter 6 dagar i åpen livbåt, greide de å ta seg inn til land. Ole og 17 andre mistet livet.

Ole ga livet for de allierte bare 6 månader etter okkupasjonen av Norge. Det er en kjensgjerning at norske sjøfolk i alliert tjeneste ikke fikk den heder, ære og oppreisning de fortjente før mange år etter frigjøringen. Noen vil påstå at de ikke har fått det den dag i dag.

For å vise Oles rettferdighetssans og moral, kan en nevne hva Klara Odland fortalte etter krigen, Hun var mangeårig leder i Varhaug Sanitetsforening. Ole hadde vært hos henne, like før han dro til Scotland og spurt om hun syntes han var simpel som skulle dra avgårde før han hadde gjort opp for de pengene, som saniteten hadde sendt han under oppholdet på Hagevik. Han hadde fått til svar at pengene ikke var noe lån, men en gave. Ole hadde da blitt så glad at han tok opp de oppsparte midlene, og sa de skulle brukes til «verdige trengende». Pengene skulle settes i ban-

ken viss han omkom.

Mange, mange år senere kontaktet banken Varhaug kommune med spørsmål om de kjente til en Ole Reiestad. Banken hadde en konto på Ole med undertekst; «verdige trengende».

Harald Skretting kunne gi opplysninger i saken. Beløpet hadde nå vokst til kr. 40.000. Det ble så opprettet «Ole Reiestads legat» Hvordan legatet ble styrt og disponert, er ukjent for meg.

Dette er kort fortalt om krigsseileren som ofret livet i alliert tjeneste, bare 30 år gammel. En må og ta med at Alfred Kvitvær overlevde som krigsseiler, og bosatte seg utenfor Bergen.

Har noen interesse av å lese sjøforklaringen til overlevende etter «Davanger»,s forlis, ta kontakt med undertegnede for en kopi.

Ingvar Reiestad.

Kilder: Harald Skretting 97 år, nabo. Willy, brorsønn av Ole. Konrad Kvitvær, brorsønn av Alfred. Sjøhistorie. no



KPK - Ukraina- kveld

**Stad: Løa på Lensmannsgarden
på Varhaug**

Tid: Torsdag 19. mars kl. 19.00

Program:

Ellen L. Aarsland - kjem og fortel
om arbeidet dei driv. Berit Bø vil
og fortelja om sine opplevningar.

Song av: Frank Håland/Monica
Cecilie Herredsvla
John Gravdal

Enkel servering, kaffi og drøs.

VELKOMMEN!

**Vennelaget for Lensmannsgarden
presanterer:**

19/3 Ukrainahjelpen, infokveld

/4 Korkveld med Hananja

17/5 Kulturkveld

6/6 Loppemarked

(Lopper ønskes, kommer mer info)

23/6 Jonsokfeiring NB: Klokken 17.30

28/6 Nordic Tenors (Oppe i løå)

Programmet oppdateres på plakater, face-
book, sms og mail.

For å få påminnelse på SMS og mail, kan
dere melde dere inn i vennelaget (gratis)
ved å sende SMS med navn og e-post
adresse til: 976 88 571

”LIK” Kultur i Løå på Facebook



Velkomen til årsmøte for Vennelaget for Lensmannsgarden tirsdag 7 mars kl.19.00

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår;
www.lensmannsgarden.net , og for informasjon om dei kulturelle arrangementa viser me til
facebook-sida «Kultur i Løå».

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Erik T Skretting, nestleiar
Ingunn Helen Reiestad, sekretær
Geir Egil Rosland, kasserar
Solveig Aanestad, styremedlem
Tor Selmer Olsen, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland
Arnstein Skretting

Arrangementskomité:

Geir Egil Rosland, leiar
Dag Madland
Guri Å.Sollesnes
Kari Nord-Varhaug

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Kari Nord-Varhaug
Tone Elin Berge
Hans Vigleik Jakobsen

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)

NYTT FRÅ HÅ KARATEKLUBB:

Karatefestival i Haugesund: 5. og 6. desember deltok 7 av klubbens medlemmer på en treningshelg i Haugesund. Sentrum Karateklubb var arrangør og stilte med instruktører fra norsk og internasjonalt toppnivå (bilde fra karatefestivalen)

Gradering høsten 2014:

Mandag 8. og onsdag 10. desember hadde klubben gradering på Varhaug Skule i gymsalen. 64 av klubbens medlemmer fikk en høyere grad (kiu)

Romjulskonkurranse mandag 29. januar på Vigre Skule:

Dette året hadde vi ikke juleavslutning, men valgte heller å arrangere en "romjulskonkurranse" for medlemmene fra 5 til 12 år. Ca 20 stk deltok. Premier til alle som deltok. Klubbens voksne medlemmer fikk prøve seg som dommere.

Planer for 2015:

Klubben fortsetter med treningstilbud på både Varhaug, Vigre og Bø Skule. Flere av klubbens voksne medlemmer har deltatt både på trenerkurs og dommerkurs. I mars reiser flere av medlemmene til Polen for å delta på karate-seminar og konkurranse internasjonalt. 30.5 vil klubben delta på Haugesund Open.

Dersom noen har lyst til å begynne å trene karate er det bare å komme på trening. Kontakt event. Sensei Audrone på tlf. 966 74 321 eller mail: audrele3(alfakrøll)yahoo.com – vi har plass til flere medlemmer.

Styret i Hå Karateklubb.



Voksengradering



Barnegradering



Fra karatefestivalen

Nytt spennende år for Elgane Motorsykkelklubb

Solå skine og det går mot vår. Det har vore god aktivitet på Elgane gjennom heile vinteren, men ingen tvil om at dette tar seg enda meir opp når våren nærmer seg.

I desember hadde me vår årlige julebasar. Mange flotte gevinster donert av det lokale næringsliv. I tillegg hadde me for andre gong åresalg med egne gevinster som passer godt for dei yngste, noe som også denne gongen var suksess. Kjekt når det er dei som møter på basaren som kan reisa heim med gevinst! Basaren gir gode penger i klubbkassa og er eit samlande og kjekt arrangement for heile familien. Me vil takka alle som kjøpte lodd og alle som gav gevinster til basaren vår.

Elgane arrangerte årsmøte siste tirsdagen i januar og kunne leggja fram ei fyldig og god årsmelding, og ikkje minst eit kjekt rekneskap. Elgane har god økonomi, men det trengs då det framleis er mykje å ta tak i når det gjeld vedlikehold og oppgradering av anlegg.

Styret for arbeidsåret 2015 er som følger;

Leder	Ommund Thu
Nestleder	Arild Bjarte Våland
Sekretær	Lindy Moi
Kasserer	Elin Hobberstad
Styrerepr. Speedway	Tarald Haaland
Styrerepr. Motocross	Erlend Klingsheim
Styrerepr. ATV	Øystein Frøytlog
Varamedlem	Ronny Anda

Glenn Moi liker seg godt på crosseren når snøen ligger på speedwaybanen. Flotte forhold!

Bilde er tatt av Ørjan Lauritzen. Flere bilder finner du på facebook siden hans - Ørjan Lauritzen Photography.

Elgane har planlagt følgende store arrangement dette året;

28. mars.	ATV Norgescup.
6.-7. juni.	Motorcross Norgemesterskap 1 runde.
20. juni.	Speedway NM individuelt.
30. august.	Speedway Liga 1. div 500ccm.
5.-6. september.	Motorcross Vestlandsmesterskap.
25.september.	Speedway Elgane Open.

Dersom du er heime i begynnelsen av påskeferien kan du ta turen til Elgane for å sjå på trening der. Me legg ut informasjon på nettsida vår elganemk.no etter kvart som aktiviteter er klar. Det som ligger planlagt nå er trenings-samling Speedway som starter 28 mars og går kvar dag t.o.m.31 mars. Me har invitert Torben Hansen fra Danmark til å lede disse samlingene. Veldig bra tiltak for alle kjørere, både liten og stor!

Det er også planlagt treningssamling Motocross i påskehelga. Meir info kjem på nettsida.

Elin Hobberstad



Lars Gaute Sport
sport 1

Varhaug - Tlf. 51 43 28 80
Nærbø - Tlf. 51 43 43 10
Sandnes - Tlf. 51 66 98 00

Varhaug
Park & Hage

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no



Nytt frå Misjonshuset

Ein mest snøfri vinter går snart over i vår, og påske er om ikkje lenge. Det vert mykje likt program på misjonshuset som i fjor. Fest palmesøndag,- og påskedagsmøte 2. påskedag. Sjå elles program for misjonshuset på nettsida eller i kyrkjelydsbladet eller i misjonshusbladet.

No er det årsmøtetid, og for misjonshuset er det 12. mars kl 1900.

Annankvar søndag (oddetals veker) er det SUNDAG på Misjonshuset, med mykje lovsong og med tid for forbøn. Startar 1930 med litt kaffi.

Som ei prøveordning har det vore arrangert formiddagsmøter på søndagar i partalsveker, start kl 1030 på ungdomsloftet. Ordninga vil verte evaluert til våren.

Eit av dei faste arrangementa er «vi over 60» som er to onsdagar i månaden. Her er det variert program,- alltid god

mat og ein liten utlodning,- og song og andakt. Alle godt vaksne er velkomne.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er no berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internet, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Sykkelklubben

Før sykkelsesongen starter for fullt igjen til våren har vi planer om en mekke/drøse/kick-off/sesongstart-kveld. Her vil vi ha verktøykassen tilgjengelig (denne kan lånes av alle medlemmer, kontakt kenneth.ueland@gmail.com for mer info), kaffe, klessalg og god sykkeldrøs.

Ta med sykkelen for en siste finpuss før våren. Vi kommer tilbake med mer om denne kvelden etter hvert.

Treningene til VSK. Vi oppfordrer folk til å møte opp på treningene, tempoet skal være slik at alle kan følge med.

Søndager klokka 9 og mandager klokka 17, oppmøte Fjordkjøkken. I tillegg ønsker vi at folk som tar ut på andre tidspunkt, og kan tenke seg å ha lag med andre sykklister, legger dette ut på Facebook-gruppa vår.

I tillegg til de nevnte treningstidene, er det jo også tirsdager klokka 18 fra SI-Bbygg. Her kan det være en god del folk, samt at tempoet av og til er litt høyt. Men det er til tider opp mot 10-12 VSKere med på disse treningene, så her er det god gang! Torsdager klokka 18 er det bakketrening i Hålandsbakken, møt opp ved bakken.

Styret er:

Leiar - Trond Alte Olsen

Nest leiar - Stein Ove Sør-Reime

Vara medlem/kasserar - Joakim Jeremiassen

Lisensansvarleg - Kenneth Ueland



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Familiekiropraktoren Jæren


I januar starta Inger-Alice Undal Fosse som kiropraktor i Ånestadvegen på Varhaug, som dagleg leiar og kiropraktor hos "Familiekiropraktoren Jæren". Etter at ho var ferdig utdanna i 2010 fra Anglo-European College of Chiropractic i Bournemouth, England, jobba ho i ein tverrfagleg klinikk i Kristiansand ca 4 år. Inger-Alice utvikla her eit godt og tett samarbeid mellom anna med fysioterapeuter og akupunktør. Den tverrfaglege erfaringa ho fekk med seg her er jo midt i blinken, sidan ho nå delar kontor saman med Varhaug Fysioterapi, som flytta til Ånestadvegen 8 i sist veke.

Inger-Alice er ei Egerundjente på 29 år, der ho nå bur saman med mann og 2 små døtre på 11 månader og godt 2 år. Ho var nett ferdig med barselpermisjonen då ho starta opp på Varhaug. Ho tenkte dette måtte vera ein høveleg stad å starta for seg sjølv. Det er jo ingen kiropraktor mellom Egersund og Nærbø.

Inger-Alice er oppteken av at behandling av muskel- og skjelettplager skal vera eit tilbod for menneske i alle aldersgruppe, og det å skaffa gode relasjonar til pasientane er veldig viktig for å lukkast i behandlinga. Ho fortel at ho har hatt pasientar frå 5 månader til 85 år, så alder er inga hindring. Ho viste meg ein spesiell behandlingsbenk, som på godt norsk verta kalla ein strekk-benk. Denne har vore til stor hjelp for mange som har fått ein prolaps.

Varhaugbuen takkar for drøset, og ynskjer Inger-Alice lukke til vidare med "Å fiksa opp i stive nakkar og korsrygg".

Nå he me dæ mesta på Varhaug, og tenk kiropraktor og fysioterapi på same stad; Betre kan det vel ikkje vera!



KULLSYREMASKIN

FRA AGA



499,-



ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

**KJØP
KAFFIAVTALE
PÅ VÅR
STASJON**

KR 199,-



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

50 år i teneste for Hå-bonden

Dette vart feira med fest på Holmavatn etter årsmøtet den 24. februar 2015. 50 bønder, tilsette og tidlegare tilsette var med på festen. I høve jubileet er Brit Obrestad beden om å skriva noko av historia til rekneskapslaget gjennom 50 år. Og Sjur Håland skal skriva om utviklinga i jordbruket gjennom 50 år. Etter festmiddagen hadde dei kvar sitt kåseri om emna. Det har vore interessant å lese i dei gamle protokollane om korleis det var den første tida. Sjølv har eg vore tilsett som rekneskapsfører i 35 av desse åra, og utviklinga har vore enorm. Eg vil ta fram nokre glimt frå dei første åra, og kva som var bakgrunn for at dei starta opp.

Bønder har alltid snakka saman og fått til ting. Slik og den 31. mars 1965, heime i stova hjå Erik P Skretting, der styra i Ogna, Vigrestad og Varhaug bondelag var samla. Isak Kvianes, Ogna, Lauritz Siqveland, Vigrestad og Erik P Skretting, Varhaug, vart valde til å ta seg av vidare arbeid med å tilsetja rekneskapsfører og få arbeidet i gang. Men eigentleg starta den første spiren alt i 1953. Som fylgje av ei ny lov om noterings- og rekneskapsplikt kom det ei meir systematisk form for rekneskapslag. Varhaug bondelag skipa i 1958 Varhaug rekneskapslag. Eg trur det var Magnus Varhaug som var rekneskapsføraren då. Så vart det endring etter kommunesamanslåinga i 1964.

I møte den 3. mai 1965 hjå Lauritz Siqveland tilset dei Hallvard Hadland frå Time som nr. 1 og Toralv Møller frå Nærbø som nr. 2. Det var 9 søkjarar. Hadland seier seg villig til å starta, og det blir ordna med kontorplass i banken. Men alt i oktober same år, seier Hadland opp. Han vil heller starte som inseminør i Time. Då vert Toralv Møller tilsett. Frå styremøte 29.10.65: «Då der ikkje var varme på kontoret vart det vedteke at banksjef Rusdal skulde få ein elektriskar til å laga til så det vart råd å bruka elektrisk varme. Rusdal skulde og snakka med telegrafverket å få innlagt telefon på kontoret.»

Den 27.12.65 har dei årsmøte der Isak Kvianes vert vald til formann, og Lauritz Siqveland og Thor Skretting styremedlemmer. Sven Varhaug og Arne Kydland vert valde til revisorar. Dermed er alt i gang. Men alt våren 1967 seier Toralv Møller opp stillinga. Han har då fått arbeid på Hå likningskontor. Etter han blir så Lars Erga frå Orre tilsett, og han vert verande til sommaren 1997.

I 1970 blir det innført moms og investeringsavgift. Då kjem det plutselig 75 nye kundar til i tillegg til dei 128 frå før, og dei må tilsetje ein rekneskapsfører til, Oddvar Mo frå Etne. Men dette blir ikkje nok. Alt på hausten får dei problem. Sitat frå styremøte 22.09.70: «Sak 1. Arbeidsmengden stiger. Her er vi ikke a jour med regnskapsføringen. Med dette som bakgrunn mener styret at en må få kvinneleg arbeidshjelp. Vi har tilbud fra en husmor som vil prøve.»

Ein kan jo fundere litt over kvifor dei nå treng kvinneleg arbeidshjelp? Likestillingslova trådde ikkje i kraft før 15. mars 1979, så det er neppe det dei har tenkt på. Det er nok heller det at dei vil ha nokon til å gjera enklare arbeidsoppgåver som for eksempel å summera og avstemma. Husmora som vil prøve er Bjørg Haraldseid, og ho arbeidde ved kontoret fram til sommaren 2001. I 1970 flytter dei så inn i 2. etasje i den nye banken. Av årsmeldinga går det fram at dei nå har i alt 204 medlemmer.

I 1978 flytter dei tilbake til den gamle banken i 2. etasje. Det vart forliten kontorplass ved sida av tannlegen i den nye banken. Og i 1983 flytter dei til Felleskjøpet, der dei framleis er. I årsmeldinga for 2014 står det at laget nå har 308 medlemmer. Det er 38 samdrifter og 113 forretningsrekneskap. Totalt er det 459 rekneskap. 75 % av rekneskapa er då landbruk.

På desse 50 åra har det vore store endringa, ikkje berre på rekneskapslaget frå 1 tilsett i starten, 5 tilsette i 1978, og til 13 tilsette i dag. Strukturen til bøndene er og mykje endra. I 1965 var det aktive bønder med mjølkeproduksjon på dei fleste bruka. I dag, 50 år seinare er langt færre aktive bønder, og mykje av produksjonen er spesialisert. Me treng bønder som skal produsere mat, og bøndene treng rekneskapslaget, ikkje berre til å føra rekneskapet, men og til å gje økonomisk rettleiing, hjelpe til med budsjett, og andre ting som bønder og andre kundar treng.

Brit Obrestad





Dei tilsette ved Hå rekneskapslag



– vi gir deg bedre helse

ÅPNINGSTIDER PÅSKE 2015



MANDAG 30.03.15 : 09.00-17.00

TIRSDAG 31.03.15 : 09.00-17.00

ONSDAG 01.04.15 : 09.00-12.00

JÆREN APOTEK HOLDER STENGT

FRA TORSDAG (02.04.15)

TIL OG MED MANDAG (06.04.15).

Det skjer på Lerbrekk skule

Den gilde skulen vår vert mykje brukt. På graudafesten som var den 4. desember 2014, var det som vanleg trongt om plassen, varmt og godt, og god stemning. Songen i skulestova kling ekstra godt når mange er samla. Og me syng alltid mykje på Lerbrekk. Det er berre å «gje gass» på orgelet så fort som føtene greie trø. Godt eg er vant med å sykla.

Sigbjørn leia festen på sin framifrå gode og lune måte. Han tykkjer det er gildt at så mange vil vera med på denne festen, og denne gongen var det Hans Torgny Indrebø frå Nærbø, som var kåsør med emnet «Spor». Kva, og kven er det som set spor i oss? Lærarar vil alltid setja spor, og foreldre og besteforeldre gjer vidare sine «spor» til sine etterkomarar. Hans Olav Tungesvik har skreve eit dikt om SPOR. Likeins har Hans Johan Sagrusten skreve om det same. Me kan og setta rare spor etter oss. Ikkje alt er like positivt. Kvar er ideala vorte av i dagens samfunn? Endåtil Jan Eggum syng om «Kor e alle heltane». Det er viktig å setja positive spor, og dela av sin visdom, kjærleik og varme.

Hans Torgny Indrebø fekk blomar for kåseriet sitt. Arnhild Håland fekk og blomar som takk for oppgåva ho har hatt i 15 år med å pakke posar til juletefesten på Lerbrekk. Dette set me pris på.

Risengrauten smaka godt saman med lefse baka av gjengen på Lerbrekk. Etterpå var det kaffi og småkaker. Årsal og trekning av mange fine gevinstar, og meir song, før Sigbjørn las juleevangeliet og me slutta av med «Deilig er jorden» og «Kveld på Jæren» av Tobias Skretting.

Julatrefesten 4. juledag 2014 var det eit surt og ufysleg ver. Likevel var meir enn 50 stk. samla til juletefest på Lerbrekk. Både tre og fire generasjonar hadde funne vegen. Sigbjørn Varhaug ynskte velkommen, og las Juleevangeliet. Etter litt synging, hadde Marie Lie Harbo andakt. Ho hadde lese seg til at ordet "andakt" betyr ettertanke. Og

ho fekk formidla julebodskapen på ein fin måte, så borna fylgde ivrig med og svara på spørsmål som ho stilte. Me hadde noen runda kring juletreet før det var tid for kaffi og lefsa og julebrød. Borna fekk kvar sin kvit pose med litt forskjellig i. Det er alltid gildt for fedrane å "smeddla" posane etterpå, så det blei ein bra salutt etter kvart.

Etter pausen las Sigbjørn eit stykke av Liv Randi Bjørlykke, om juletefestane i "gamle dagar." Litt quiz stod og på programmet, og så var det gang kring juletreet att. Dette var den 15. julefesten etter restaureringa av huset, og etter som stemninga var då folk reiste heim, så blir det nok ikkje den siste.

I januar var det ikkje kafé, men 1. februar var det endeleg sundagskafé att. Vel 50 har skreve i gjesteboka denne sundagen, seier Sigbjørn. Det er tydeleg at folk likar å treffast over ein kaffikopp med ein gode drøs attåt.

Elles er det framleis mykje aktivitet med selskap av ulike slag, så vaskegjengen treng ikkje permitterast. Det ser ut som dei har det veldig triveleg i lag, med vasking og litt småfleiping, og ikkje minst kaffikoppen og ein sjokoladebit attåt når dei er ferdige med vaskinga.

Sundag 1. mars og helga 7. og 8. mars var det måleriutstilling ved Tore Line. Referat i neste nummer.

(Inger, Astrid, Brit)

Årsmøte på Lerbrekk den 12. mars kl. 19.00.

Lisabeth Risa kåserer om «Livet på bygdene rund 1865». (Den eldste skulestova er frå 1865)

Syskena Reime syng og spelar • Eva Hegre les eigne dikt • Årsmelding, rekneskap og val


• Matøkt, årsal/trekning og høve til å betale kontingenten kr. 50 pr. medlem

Alle er velkomne, både medlemmer og andre interesserte.

Styret

Hå skulesjakk

Skulesjakken er i full gang fortsatt på Varhaug og Vigrestad.



På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjons- huset, rett ved jernbanen. På Varhaug spiller me tysdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa

Neste store arrangement er Hå meisterskapen 7.mars, der kan alle som bur i Hå kommune og går på skule delta. Ein må melde seg på til Per-Arvid innan 5. mars. Me har plass til 50 spelarar, så det kan hende at nokon ikkje får plass. Når no fristen for stoff til Varhaugbuen går ut, er 31 spelarar påmelde.

Hå skulesjakk er blitt utfordra til å arrangere KM for skulelag 21. mars. Det er 4 spelarar frå same skule på kvart lag, og det vert eit stort arrangement. Førebels har påmelding gått noko tregt, og det vert nok ikkje ny deltakarrekord denne gongen. Dette året vert også vidaregåande skular inviterte til å delta, men berre lag frå barne- og ungdomsskular vert kvalifisert til å delta i NM i sjakk for skulelag 17-19. april i Moss.

Vi i Hå skulesjakk vil ha med lag frå Varhaug Ungdomsskule, Varhaug skule (2 lag) og Vigrestad storskule. Kanskje eit mix-lag frå ein av Nærbøskulane?.

No er det starta sjakk for vaksne på Vigrestad torsdagar kl 1900 på Vigrestad etter skulesjakken, vil du vere med så ta kontakt på mob 92617652. Det ser ut til at det vil verta ein god gjeng som gjer at vi kan starta opp Hå sjakkklubb om ikkje lenge.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

UTSTILLINGSSALG

Porsgrund Trend, sort Ask

1 stk 90 cm servantskap, 1 stk 90 cm Wave porselenservant,
1 stk 90 cm Planspeil med led, 1 stk pop up ventil og
1 stk HansGrohe Pura Vida servantbatteri.

Før: 19 340,-

NÅ: 9 670,-




Foss Bad Variant, Grå struktur

2 stk 60 cm servantskap, 1 stk 30 cm servantskap 1 stk 150
cm Evermiteservant, 2 stk 60 cm speilskap med stikk, 1 stk 30
cm speilskap, 1 stk 150 cm lystopp for speilskap,
1 stk 40 cm høyskap med dører,
2 stk pop up ventil og
2 stk HansGrohe Talis 80 servantbatteri.



Før: 39 189,-

NÅ: 19 590,-





Godt utvalg i fargar og pynt til kakene



Mange kreative resultat, og 36 deltakarar frå heile kommunen!

Lensmannsløa Ungdomsklubb

Det har vore mykje aktivitet i klubbane i Hå den siste tida, Lensmannsløa ungdomsklubb og Loen ungdomsklubb (Nærbø). Begge klubbane søkte om pengar til å arrangera kurs, og var så heldige å få nok pengar til alt me hadde søkt om. Dette resulterte kurs om maling, foto, kaker, hund, gutter og kropp, mekking og saum.

Onsdag 4.februar hadde me guttekveld i løa, og ca 30 gutar kom for å sløkja brann, skyta med luftgevær, bordtennis, PS speling, sjå utstilling av Svein Jåstads annlegsmaskinar og fleire føredrag. Me hadde svært dyktige føredragshaldarar, og dei fleste ungdommane fekk med seg alle. Me starta med Per Ivar Aniksdal frå Brannvesenet i HÅ, som lot gutane få sløkkja brann og røykdykka, dette falt godt i smak sjå dei frammøtte. Sexolog Tom Sigurd Nybø fortalte og svara på spørsmål om kropp, sex og utvikling, frå Landsforeininga for lesbiske og homofile kom det 3 stk som delte sine sterke historier om oppvekst, mobbing og det å stå fram som homofil/transvestitt. Sist kom Sigve Bru frå Bryne skular, og snakka om utdanning og yrker. Føredragshaldarane fekk mykje skryt frå ungdommane og dei vaksne som var til stades.

Framover vil me ha ein del vanlege klubbkveldar, og to større arrangement. Skumparty har blitt eit fast arrangement i samanheng med Nærbødagane, og 5.juni skal me arrangera rockekonsert på Jadarheim for ungdom i Hå. Denne rockekonserten vil ha lokale ungdomsband, men og vaksne lokale band på senen, der målet er å syna ungdom kor gøy det er med band, og at dette er noko alle kan få til.

UKM

I januar var me med å arrangera UKM i storstova, der bl.a Ragnhild Skretting og Guro Rovik kom vidare med utstilling av klede dei hadde sydd. Det er ekstra kjekt at

noko av dette blei laga på ungdomsklubben. Dei andre som kom vidare frå Hå var: Henrik Siqveland, Hidden Dancers, Marie Leonora Våland og Marie Elise Herredsvela, kjem dei vidare, kan dei få reisa til Trondheim.

Studentkafe


Måndag 09.02.15 hadde me siste kafe i løa. Dette var eit prosjekt mellom Varhaug u skule, Vigrestad storskule og Monica C Herredsvela som aktivitetsleiar for ungdom. Kafeen blei ein del av utdanningsval: restaurant og matfag. Kafeen har vore driven av ungdommar, med hjelp frå vaksne. Me har hatt greitt besøk, og ungdommane har vore fantastiske til å laga mat, rydda, selja å servera. Frå me starta har me dobla oppskriftene fleire gonger, og siste gongene blei det f.eks laga mellom 70 – 100 kanelbollar i tillegg til suppe og salat. Klara Reime Ueland har vore med den siste tida som dugnadshjelp. Ho har vore heilt fantastisk!

Uleige

Det er jamt over god utleige i løa, og om ein vil sikra seg ein dato, bør ein vera litt tidleg ute. Lag og foreiningar leiger gratis, info om pris og liknande ligg på Hå Kommunes nettsider, under Hå Kulturtorg, Lensmannsgarden.



Fleire av deltakarane frå Hå Kommune



Utstillinga til Ragnhild og Guro




Svein Jåstad er samlar, og lot oss få låna ca 60 modellar til utstilling i gangen. Dette er berre ein liten del av alt han har.



Per Ivar Aniksdal stilte frå Brannvesenet



Alle som kom fekk prøva å sløkkja brann. Inne blei det røykfylt over alt, då Per Ivar hadde røykdykking i stallen



Frode Ueland hadde footoshoot sjå Loen U klubb, ein travel kveld med mykje ungdommar som ville sikra seg bilete. Her er eit bilete frå denne kvelden av Adrian Hobberstad



Loesuppe (thaisuppe med kylling) og fylte horn har lokka mange til Lensmannsløa



SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

**ÅNESTAD
MASKINSTASJON**

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10



Årsmelding 2014

Styret har hatt denne sammensetningen:

Leder: Halldis Lie Byberg

Nestleder: Kjartan Aanestad

Materialforvalter: delt mellom leder og nestleder

Sekretær/Kasserer: Lene Lerbrekk

Kasserer (assisterende): Elin Aniksdal Johansen

Korpsrepresentant: Mary Ueland

Dirigent: Lars Ole Bergersen

Revisor: Irene Hobberstad

Valgkomite: Sigbjørn Særheim og Møyfrid Skrettingland

Musikalsk har året 2014 gått godt, men korpset kunne hatt flere medlemmer. Oppstart i høst hadde vi 7 medlemmer i hovedkorpset og ingen aspiranter. Det ble satt i gang et 3.klasse-prosjekt. I samarbeid korps/skole/kulturskolen fikk alle i 3.klasse mulighet til å prøve korps-instrument etc. Det hele ble avsluttet med en konsert hvor de musikantene fra hovedkorpset som kunne også stilte. Veldig positive tilbakemeldinger fra skolen som ønsker dette også neste høst. Vi har nå 6 nye aspiranter. Ved utgangen av året, var det 13 medlemmer, fordelt på 7 i hovedkorpset og 6 aspiranter. Korpset er et storband. Lars Ole Bergersen er musikalsk ansvarlig, og dirigent. De fleste medlemmene har instrumentall opplæring via kulturskolen i tillegg til korpsøvelser.

Korpset er medeier i bladet «Varhaugbuen», og bruker dette aktivt til å informere om hva som skjer i korpset.

Vi er også på Facebook. Her ønsker vi at musikanter og foreldre liker oss.

Korpset har vært med på alle de tradisjonelle spillene som er i korpsåret, sånn som 17.mai, julegratening, Synge julen inn, juleaften osv.

Vi har hatt spille-opdrag på Stuelands-senteret. Sommerturen gikk til Dyreparken i Kristiansand. En kjekk opplevelse for musikantene, vi kjørte tog og hadde en overnatting. Instrument la vi igjen hjemme.

En av våre medlemmer var på sommerkurs i regi NMF.

Vi har også hatt 3 deltakere på JUBB -Jærens ungdom Brass Band.

Høstens store begivenhet var deltakelse i konkurransen «Stavanger Open». Det var veldig kjekt. Mye øving ga gode resultater og tilbakemeldinger med flotte dommerkommentarer. Vi kom hjem med en fin 1.plass i 4. div janitsar og 3.plass på sceneopptreden. Dette var vi veldig stolte og glade for.

Styret takker alle musikanter og foreldre for et rikt og musikalsk år. Uten dere hadde det ikke vært mulig. Tusen takk skal dere ha.

Hilsen styret 2014

Nytt styre for Varhaug skulekorps er:

Fungerende leder: Kjartan Aanestad

Nestleder: fungerende leder

Materialforvalter/sekretær: Lene Lerbrekk

Kasserer: Tone Hovland

Korpsrepresentant: Mary Ueland



Hå Hagelag



ONSDAG 22. APRIL KL 19.00 er Hå Hagelag og Hå Bygdekvinnelag inviterte til Felleskjøpet Varhaug. Info om jord, gjødsel og sprøyting.

TORSDAG 7. MAI KL. 17.00 reiser me til Hølland Gartneri. Her blir god anledning til å sjå og handla sommerblomster.



Årsmøte i Varhaug bedriftsforening

Vert i lensmannsløa fredag 20. mars kl.19.00.
Utanom vanlege årsmøtesaker, vil Otto Bø og
Magnar Håland koma med nokre spennande
fortellingar.

Håpar at dei fleste av VBF sine medlemmar kjem
til årsmøtet og ein koseleg kveld. Påmelding
seinast 12. mars til Kent.

VARHAUGHALLEN
SKJÆRTORSDAGSDANS

The 7'th Street Band
Kossen e det med deg?

Support
"BLACK & WHITE"

2. APRIL 2015
NON STOPP MUSIKK FRA
Kl 20:00 - 01:00

BILLETTER 51 43 04 01 - eva.hegre@vil.no - eller ved inngangen. NB! Bord reserveres til 21:00

Billetter kr 300,-
Salg av enkel mat - Skjenkebevilling - 22 års aldersgrense

- GOD PÅSKE - GOD PÅSKE - GOD PÅSKE - GOD PÅSKE -

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MCA
CAR SERVICE

OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66

MCA
CAR SERVICE

Brigt Skrettingland

Veit ikkje om alle er klar over at Helga og Leif Kristian Skrettingland har fostra ein veldig dyktig scenekunstnar i sonen Brigt. Akkurat i desse dagar han står på scenen i Storstova på Bryne som gladguten og sjarmøren Kleppe Klas i «Bruredansen». Dette er ei morosam førestilling med handling frå eit lite kystsamfunn på starten av 1900 talet. Stykket er skrivi av Norvald Tveit med musikk av Henning Sommero, og er ein kombinasjon av musikal og komedie.

Brigt er 30 år, og har gjort byas av seg. Dvs han har flytta til Bryne. Han er utdanna innan Sal og service, og tilsett hos grossistfirmaet Martinsen AS på Bryne.

Brigt har gjort mykje rart, men hadde aldri stått på ein scene før i 2011. og etter det har han stort sett vore i rampelyset. Men det er ikkje berre på Bryne at Brigt har gjort seg gjeldane. Han har spelt i over 100 førestillingar på Rogaland Teater, og vore med i tre av «Fantefølge» sine oppsetningar.

Innan film og TV har Brigt i åra 2013, 14 og 15 hatt roller i sju oppsetningar. Og innan teater og sene 9 oppsetningar frå 2011 og til nå. Før jul var han både arrangør og artist i den veldedige julekonserten «Strålande Jul» i Bryne kyrkje, som samla inn heile kr. 75.000 til Idas hjelpefond sitt arbeid i Guatemala. Her var og Børre Bratland (General Forsamling) frå Varhaug med.

Eg trur mest Brigt må vera ein tusenkunstnar, for alt dette har han fått tid til i tillegg til full jobb hos Martinsen. Han har og vore med og utvikla og spela i humorkonseptet Jæren Rundt for Jærbladet sine heimesider. Han har og stunt reporter hos TV Vest. Reporterrollen har han som frilansar når TV Vest treng ekstra krefter.

Å stå på ein scene var aldri noko Brigt tenkte på i oppveksten. Det er ikkje noko som ligg i genene, for gardsdrift var det både på mor og far si side. I oppveksten gjorde han alt mellom himmel og jord, han spelte fotball, trekkspel, data, rollespel, gjekk på ungdomslaget, speidaren og tennbluggen, han var innom handball, capoeira, volleyball, ja omtrent det mesta. Alt han ikkje hadde prøvt før var kjempespennande. Då ein kompis i 2011 melde Brigt

på ein open audition på Rogaland Teater, og han fekk vera med der, vart dette og noko spennande. Han rekna med at det vart med denne eine gongen, men så badla det berre på seg. Brigt stod aleine på scenen då teateret gjorde ein veldedig julekonsert til Kirkens Bymisjon, og då skjedde det noko; han ville opp på scenen igjen. Det var og den konserten som ga han inspirasjon til «Strålande Jul» på Bryne. Alt dette han har fått vore med på har gjort at han har bestemt seg for å læra mest mogeleg om faget. Brigt seier at han er ikkje anlagt til å vera student, men har lært mykje ved å gjera ting. Mellom anna var han i Oslo og sat i mange timar på ein ergometersykel ved sida av Thomas Gjertsen for å sjå korleis slike produksjonar vert til. Av alle dei oppsettingane Brigt har vore med på, vil han nemna musikalen «I blanke messing» og då han var understudyen til Espen Hana med Cato Skimten Storengen som regissør.

Det må til sist nemnast at Brigt saman med Camilla Ystanes- som har regien for «Bruredansen» var domarar, då Varhaug skule vart vinnar av det store Korslaget her på Varhaug. Det var då eg kom på at denne mannen måtte eg verkeleg skriva om i Varhaugbuen. Sjølv om Brigt nå bur på Bryne, så er han «ein av oss». Varhaugbuen ynskjer Brigt lukke til vidare, både på dei skrå bredder og elles i livet.





Fram cup

Lørdag 31. Januar reiste Svala 4H til Klepp på volleyballturnering. Der stilte me med eit juniorlag. Det var 3 stk ifrå styret, 2 aspirantar og 8 juniorar med på turneringa. I tillegg var Håkon Varhaug med som vaksenledar.

Kl 09.00 var det innmarsj for alle laga der det var litt info og macarena dans. 09.30 var det kamp mot Bjerkerota 1. Her tapte me begge setta, det var tydeleg at Bjerkerota hadde trent litt meir enn oss. Kl 12.00 var det klar for kamp mot Fram 4H. Denne kampen tapte me også begge setta, men spelet var mykje betre etter ein "oppvarmingskamp".

Ca klokka 2 var det klar for ny kamp mot Bjerkerota. Der vant me nesten første sett, men tapte andre sett med ein del poeng.

Etter den siste kampen var det premie utdeling til alle spelarane.



Jærsk Kulturkveld

i Lensmannsløå 17. mai kl. 19.00



Program:

Kåseri av Jonas Skrettingland

Eva Hegre les frå eiga diktbok

Konsert med Jærrock

Sal av kaffi/te, kaker, mineralvann/vin/øl

Dette er eit nytt arrangement, som Vennelaget håper det er mange som vil setja pris på.

Varhaugmarken

Her er Reidar Skretting, Lars Gaute Bø, Frank Håland og Eirik Sandanger godt i gang med arbeidet. Dei har planar om å bruka Stasjonsvegen, slik som før, i tillegg til dei to gatene som fører inn til den vegen. Alle komiteen har vore i kontakt med, har vore positive til å få Varhaugmarken "på sporet igjen". Dei vil og få ein

speaker som heile tida kan informera folk om kva som skjer på scenen og ved dei ulike bodene. Dei vil og prøva å få til aktivitet for alle aldersgrupper. Neste veke vil alle dei næringsdrivande få brev frå komiteen om å vera med å slutta opp om Marken. Tvi, tvi, me i Varhaugbuen har alt begynt å gleda oss!

LOPPEMARKED PÅ LÅVEN i Lensmannsløa under Varhaugmarken!

Lørdag 6.juni 2015 fra 10:00-15:00.

Me samlar inn lopper og treng ditt bidrag i form av fine, salgbare saker!

Andre kan ha stor glede av ting og tang som du ikkje lenger har plass til!

Lopper kan leveras ved Lensmannsløa på desse datoane:

Mandag 1. juni, onsdag 3. juni og fredag 5. juni, alle dager frå kl 18:00-20:00.

Henting av lopper:

Me kan hente heime hos deg mel-

lom 1. og 5. juni. På strekninga Nærbø-Vigrestad er prisen 200 kroner pr. biltilhengar.

Me set stor pris på om du sorterer loppene før du set dei ut/leverer dei inn.

Eksempel: Klær for seg, koppar og kar for seg, bøker for seg, og så vidare.

På forhånd takk for hjelpa.

Me kan ikkje ta ikke imot kvitevarer, gammaldagse TV, gamle bildekk, eller eldre skiutstyr.

Du kan melde inn lopper/saker som skal hentast til:


Kari Nord-Varhaug,

mobil 97 51 74 71,

epost: kari.nord-varhaug@hotmail.com

Eller ta kontakt om du ha spørsmål!

Loppemarkedet er eit samarbeid mellom Varhaug Skulemusikk-korps og Kultur i Løa.



- interiørkonsulent
- golvlegger
- systue
- gave og interiør
- solskjerming
- maling
- tapet
- parkett

Vi har **utvalget** som passer deg!



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

FARGERIKE



Varhaug Bygdekvinnelag

I januarmøtet til bygdekvinnelaget hadde me besøk av proffessor Inge Bø, som snakka om «Å snu det negative til det positive».

Februarmøtet hadde brannsikring og brannfarar i heimen som tema, og dette stod Tore Hadland for.

Gilde møte med godt oppslutning og godt drøs.

Fotokurset er ferdig.

Det same er og ein kveld med **Veskesying av kaffiposar**.

I mars vert det to kveldar med flatbrødbaking. Begge kveldane er fulle, men me lovar nye kurs til hausten.

12. mars – Sonemøte på Klepp med foredrag av Jan Størksen; «Ein motivasjonspakke til alle som ynskjer glød til arbeidet mm». Me møtes på ESSO kl. 18.00 og køyrer i lag.

Onsdag 22. april – merk dagen – møte på Felleskjøpet ilag med Hagelaget. Me skal verta hageekspertar!

Torsdag 28. mai tur til Haaheim Gard på Tysnesøy, ein nedlagd gard som Torstein Hatlevik frå Espevær kjøpte i

2000, og som i 2009 vart opna som restaurant. Her vil me få 3 rettars middag og omvising, samt litt underhaldning. Litt lang tur kanskje, men de får til gjengjeld ei unik oppleving. Me reiser frå Misjonshuset kl. 8.30, og skal i alle fall vera tilbake før kl. 20.00. Påmelding til Oddbjørg 99 10 42 54.

Juni er Varhaugmarken og då stiller me alle opp.

Gå gruppa «held koken». Oppmøte på Iden kvar måndag kl. 9.30. Like så **Trimmen** med Sissel Høien kvar tysdag kl. 10.00-11.00 i gamle salen på Iden.

Strikke kafeen første måndag i månaden i Løeastovå frå kl. 16.30.

Høyres dette gildt ut? Kom og vær med oss vel!

Krokus og snøkløkker har kome fram, eit sikkert teikn på at det snart er vår. Vil difor ynskja alle ein fin vår, og kvifor ikkje ta med god påske med det same!

Oddbjørg

Bondelaget



I desember hadde me den kjekke skulefrukosten på Varhaug ungdomsskule. Det gjekk knakande godt med blide både lærarar og elevar. Brøda vart sponsa av Roxman i Sirevåg, pålegg frå Nortura og mjølk/ost frå Tine. Tusen takk for all den gode maten.

Tradisjonen tru, var det stormøte i idrettshallen siste måndag i januar, med godt oppmøte og god stemning. I etterkant av møtet vart det lufta ein ide om ein kanskje kunne få til ei matmesse i samband med dette årlege møtet?

26. februar vert det vår møte

i lag med Søre Hå bondelag. Regien har Felleskjøpet og Forsøksringen, og då vert det nok godt drøs og pizza. Matpakke kveldstur held me på med å planlegga saman med bygdekvinnelaget. Me kjem tilbake med meir info om dette.

Så ynskjer me våren velkomen med alt det jilla som kjem med den; vipa, hevda lukt og nytt liv av daude gror, Jordbruksforhandlingane ynskjer me og ein god og vek-sande vår.

Jubileumsarrangement

20. juni har Varhaugbuen tenkt å feira seg sjølv (10 år) med innbedne gjeste på Misjonshuset, der me både vil ha foredrag om dagen med Tom Åge Myhren «Livskraftige Lokalsamfunn» (om læringsliv, næringsliv, frivillig liv og kulturliv) og festmiddag om kvelden.


Verve dag i Varhaug bygdekvinnelag.

7. februar rigga styret i Varhaug bygdekvinnelag seg til på Coop Extra på Varhaug med steiketakke og kaf-fitraktar. Det var tid for den årlege vervedagen. Frå klokka 10.00-13.00 serverte dei gratis kaffi og lappar til dei kundane, som hadde tid til ein liten stopp. For å gjera det ekstra gildt, hadde dei fått med seg Agnes & Co med trekkspelmusikk. Det var tydeleg at dette sette kundane pris på ein laurdag føremiddag, for det

var mange som stoppa både for litt drøs, og noko attåt. Brosjyrar om bygdekvinnelaget sitt arbeid fekk dei og med seg. Og laget fekk løn for "strevet"; Varhaug bygdekvinnelag fekk nye medlemmar!

Takk til Coop Extra v/Kent som ordna med både, straum, stolar og bord og ikkje minst kaffi pluss det som trongs elles til serveringa. Det einaste laget hadde med seg var lapperøra.

Varhaug Bygdeungdomslag



Me i Varhaug bygdeungdomslag har siden september(?) pussa opp på BU loftet på Internatet. Me har hatt mange timer med maling, flyte sparkling og legging av parkett. Vi er kjempe stolte av hva vi har fått til.

Ellers har vi i VBU vert på årsmøte til Rogaland BU. Der fikk vi snakket om ting vi ønsker å arbeide videre med og hva vi kan gjøre bedre.

Vi ønsker å utvikle oss som organisasjon og gjøre godt i bygda.

**TILBUDENE GJELDER
FK BUTIKKEN VARHAUG**

TID FOR KALKING OG GJØDSLING

FK HAGEKALK
25 KG GRANULERT
79,-

HELGJØDSEL
SEKK 15L
199,-

FK HAGEGJØDSEL
25 KG
299,-

FK **butikken**
fkra.no/fkbutikken

FK Varhaug Tlf 51 77 14 70 Åpent 8-17 (9-14)



ALLTID BEST SAMMEN

NYTT FRÅ VARHAUG IDRETTSLAG



ALLTID BEST SAMMEN

ÅRSFESTEN FOR 2014

Festen gjekk av stabelen lørdag 7. februar. Med så mange kjekke folk samla på ein plass, måtte det jo bare verta ein god fest. Bente Mellemstrand sørga for god mat, og Leo Moracchioli fekk folk ut på dansegolv. Takk til Dag Madland for ein bra tale, og takk til alle som har gjort ein god innsats i året som gjekk!



Oddvar Ånestad vart hedra med ærestegn i gull.



Bjørn Skretting og Kjell Tore Skretting fekk ærestegn i sølv. Stig Varhaug fekk Einar Haalands minnefond for 2014.

NY FLEIRBRUKSHALL

Bygginga går bra. Veldig bra! Det er mange – både private og firma - som stiller på dugnad, og stemninga er god. Det er fin framdrift slik at me ligg foran skjema. Dette skjer ikkje heilt av seg sjølv, så det er mange som fortener eit ekstra klapp på skulderen for tida.



Syng deg glad!

Tida går så fort at me vil alt nå minna om sangkvelden med Frimann på Iden onsdag 27. mai. Meir om dette i neste nummer, men merk dykk dagen nå!

Sentrumsgården

Steinar Haugsend fortel at det i desse dagar vert arbeidt med prosjektering av 2 byggetrinn på 33 husvære i Sentrumsgården frå 45 kvm og oppover. Og dersom dei får rett pris på bygginga, går dei i gang med sal rett etter påske.

Årsmøte Varhaugbuen

vert mandag 13. april. Eigarlaga får tilsendt innkalling og møtepapira.

Mødeplassen

Her er det goe gang kvar mandag og tysdag. Me er som regel 16 stk på speling kl. 12.30, og ca 25 på bingo kl. 15.00 kvar mandag. Turid, Britt og Solvor vekslar om leiinga. Kvar mandag kjem det ein heil gjeng frå Vigrestad til bingoen, men det er plass til endå fleire frå Varhaug. Kom og vær med oss vel, me har ei gild stund saman og de kan vinna veldig gode og matnyttige premiar.

Kirsten er sjef på seniordansen på tysdag frå kl. 10.00, og her og er me ein veldig kjekke gjeng med glade dansarar, som sluttar av dansen med ei kosestund i kafeen etterpå både med kaffi og litt å eta. Dette er ei sosial samling som gir trim til både kropp og sjel.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
10. mai

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Til nye abonnentar:

I første nummer av Varhaugbuen kvart år, ligg med ein giro.

Her kan lesarane gje ei gåve til bladet, prisen bestemmer de sjølv. Men prisen på abonnement er kr. 200 for året.



Dame- og herrefrisør

Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Bestill time på nett.
Scan QR koden og
kom rett til
bestillingssiden.
Eller gå inn på :

[www.ledigtime.no/
sentrumsalongen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalongen)

